

Møteinkalling

Utval: **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre**

Møtestad: Breheimsenteret, Jostedalen

Dato: 14.03.2016

Tidspunkt: 09:30

Velkommen til det første møtet til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 2016-2019.

Møtet held stad på Breheimsenteret i Jostedalen, der vi også får lunsj.

Eventuelt forfall må meldast snarast til forvaltar Maria på tlf. 93 66 42 56.

Frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune møter Odd Atle Stegegjerdet for Karen Marie Hjelmeseter. Andre vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Etter styremøtet, i tolv-tida, drar vi på tur til isgrotta under Nigardsbreen. Vi har med oss autorisert guide. Grotta er eit naturens underverk danna av smeltevatn under breen, og vart oppdaga for nokre år sidan. Om vinteren ligg breen i ro, og det er trygt å ta seg inn i grotta. Det er ganske flatt og greitt å gå inn Nigardsbredalen, ca fem km kvar veg, og litt stigning opp mot brefronten.

Hugs å ta med følgjande:

- Skiutstyr, gjerne med stålkant.
- Gode kle
- Kopp

Viss nokon ikkje har ski, kan de låne truger. Sei då i frå på førehand.

Vel møtt!

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 1/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/16	Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 3/16	Orienteringar		
ST 4/16	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - konstituering for styreperioden 2016 - 2019		2015/3201
ST 5/16	Jostedalsbreen nasjonalparkstyret - delegering av mynde		2014/4677
ST 6/16	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - arbeidsutval for perioden 2016-2019		2014/4677
ST 7/16	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - drift av styret og årsplan for 2016		2014/42
ST 8/16	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - prioritering av tiltaksmidlar for 2016		2015/4004
RS 1/16	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - høring av forslag til endringer i regelverk for bruk av el-sykler (...)		2015/4501

Orienteringar:

1. Kompetanseprogrammet for nasjonalparkstyra den 4.-5. april, med styremøte
2. DNT-hytte på Sunndalssetra (sjå vedlegg: notat med oppsummering)
<http://www.nrk.no/sognogfjordane/vil-bygge-ny-dnt-hytte-pa-sunndalssaetra-1.12826368>
3. NiN-kartlegging (naturtypekartlegging) i Sunndalen og Erdalen?
4. Brot på vilkår i motorferdselløyve
5. Ny dagleg leiar på Breheimssenteret i Jostedalen, ny styreleiar på Jostedalsbreen nasjonalparksenter i Stryn
6. Nye satsar for møtegodtgjersle i styret, samt ny ordning med reiserekningar

67 *RGNMHQQLQJ DY LQQNDOOLQJ RJ GDJV RUGHQ
67 9DO DY HLWW VW\UHPHGOHP WLO n VNULYH XQGHU
67 2ULHQWHULQJDU

Arkivsaksnr: 2015/3201-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 23.02.2016

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	4/16	14.03.2016

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - konstituering for styreperioden 2016 - 2019

Innstilling frå forvaltaren

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vert med dette konstituert, og veljar følgjande blant styret sine faste medlem til leiar og nestleiar.

Leiar for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre er:

Nestleiar for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre er:

Valet av leiar og nestleiar for nasjonalparkstyret er gjort i medhald av vedtekten, datert 7. september 2015, punkt 4.

Saksopplysningar

Saksdokument:

- Brev datert 11.09.15 frå Miljødirektoratet til aktuelle kommunar og fylkeskommunar - *Utpiking av nye representanter til nasjonalpark- og verneområdestyrene*
- Forslag frå kommunar og fylkeskommunen sendt til Miljødirektoratet
- Brev datert 09.02.16 med korrigering i brev datert den 16.02.2016 frå Miljødirektoratet – oppnemning av nytt styre
- Vedtekter for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre datert 07.08.15

På bakgrunn av innsendte forslag frå dei sju kommunane i nasjonalparken og frå Sogn og Fjordane fylkeskommune har Miljødirektoratet oppnemnt følgjande styre for Jostedalsbreen nasjonalpark for perioden 2016-2019:

Styre 2016-2019	Kommune		Parti
Einar Målsnes	Balestrand	fast	H
Marius Dalin	Førde	fast	MDG
Venke Kollbotn	Gloppen	fast	KrF
Oddmund Klakegg	Jølster	fast	Sp
Ivar Kvalen	Luster	fast	Sp
Eline Orheim	Sogndal	fast	Ap
Sven Flo	Stryn	fast	H
Karen Marie Hjelmeseter	Sogn og Fjordane fylkeskommune	fast	Ap
Hanna Menes	Balestrand	vara	V
Turid Vallestad	Førde	vara	Sv
Vidar Sandal	Gloppen	vara	Sp
Ragnhild Sæle	Jølster	vara	Sp
Marit Aakre Tennø	Luster	vara	Sp
Jarle Aarvoll	Sogndal	vara	Ap
Kari Synnøve Muri	Stryn	vara	KrF
Odd Atle Stegegjerdet	Sogn og Fjordane fylkeskommune	vara	Ap

Ved oppnemning er det teke omsyn til krava i § 13 i Lov om likestilling mellom kjønna.

I styreperioden 2012-2016 sat Ivar Kvalen frå Luster som leiar, og Sven Flo frå Stryn som nestleiar.

I styreperioden 2011-2012 sat Torodd Urnes frå Luster som leiar og Nils P. Støyva frå Stryn som nestleiar.

Miljødirektoratet fastsette reviderte vedtekter for nasjonalparkstyret gjeldande frå 07.08.15. I medhald av vedtekten § 4 skal styret sjølv velja leiar og nestleiar:

4. NASJONALPARKSTYRET SINE MEDLEMMER, OPPNEMNING, SAMANSETJING MV

Samansetjinga av styret skal følgje krava til kjønnsfordeling i likestillingslova § 13.

Nasjonalparkstyret skal ha 8 medlemmer med personlege varamedlemmer som møter når det faste medlemmet har forfall. Nasjonalparkstyret vert oppnemnd av Miljødirektoratet etter innstilling frå dei berørte kommunane og fylkestinget i Sogn og Fjordane.

Kvar kommune skal være representert med eit medlem og innstiller ei kvinne og ein mann blant kommunestyret sine medlemmer. Fylkeskommunen skal være representert med eit medlem frå fylkestinget/fylkesrådet, og innstiller ei kvinne og ein mann blant fylkestinget/fylkesrådet sine medlemmer. Oppnemningsperioden for medlemmene følgjer valperioden for kommunestyret og fylkestinget.

Nasjonalparkstyret velgjer sjølv leiar og nestleiar.

Vurdering

Saka vert lagt fram utan vurdering og utan innstilling.

Arkivsaksnr: 2014/4677-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 12.02.2016

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	5/16	14.03.2016

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - delegering av mynde

Innstilling frå forvaltaren

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev sekretariatet mynde til å gjere vedtak i saker av kurant karakter. Med kurant karakter er meint følgjande:

1. Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsføresegnehene i verneforskrifta om motorferdsle (verneforskrifta § IV, pkt. 4.3).
2. Saker etter andre spesifiserte dispensasjonsføresegner i verneforskrifta, samt etter naturmangfaldlova § 48 der:
 - a) Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadene er tilnærma uendra.
 - b) Det føreligg ein etablert forvaltningspraksis frå saker handsama av styret i tilsvarande saker.
 - c) Forvaltningsplanen, når den er ferdig revidert, gjev eintydige føringar for utfallet.

Ved tvil skal forvaltar drøfte saka med styreleiar. Det skal kome fram av saksutgreiinga dersom forvaltaren treffer delegert vedtak i saka. Alle delegerte vedtak skal refererast for styret.

Forvaltaren sitt delegerte mynde gjeld berre eittårige løyve. Eventuell forlenging til fleirårige løyve kan berre gjevast av nasjonalparkstyret.

Saksopplysningar

Med heimel i forskrift av 9. september 2014 nr. 1162 om delegering etter naturmangfaldlova § 62 andre ledd tredje punktum frå Klima- og miljødepartementet til Miljødirektoratet, og som gjeld fastsetting av vedtekter m.m. utarbeida Miljødirektoratet

nye vedtekter for styra, samt stillingsomtale for forvaltar. Vedtekten kom til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i brev datert den 07.09.2015, trådde i kraft med det same.

Medlemmene av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre fekk saka vidaresendt frå forvaltar pr. e-post den 23.09.2015 med spørsmål om styret ønskja å gjere vedtak om eventuell ny delegering ila hausten 2015, eller om saka skulle vente til det nye styret ble konstituert på nyåret 2016. Fleire styremedlemmar uttalte då at det nye nasjonalparkstyret burde få saka til avgjerd etter reoppnemninga vinteren 2016.

Frå tidlegare, i styresak 8-2013, har Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vedteke følgjande delegering til forvaltar:

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 15.03.2013

Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir nasjonalparkforvaltaren mynde til å treffe vedtak i alle saker som gjeld søknad om løyve etter den spesifiserte dispensasjonsheimelen i verneforskrifta § IV, pkt. 4.3.

Handsaming i møte:

Fleire av styremedlemmene peikar på at det er fleire ting som er uavklart med denne ordninga. Blant anna er klagebehandlinga uavklart. Styret meiner likevel at det kan delegerast mynde til forvaltaren, samtidig som det er forventa at det kjem ei presisering av ordninga frå Miljøverndepartementet. Samrøystes vedteke i tråd med innstillinga.

Følgjande står i dei nye vedtekene, punkt 12, gjeldande klagehandsaming:

Klage på vedtak fatta av styret, må vurderast/klagehandsamast av styret med mindre det er avtalt at saka kan handsamast av AU/forvaltar. Dersom det vert klaga på vedtak fatta av AU/forvaltaren etter delegert mynde, skal klagen vurderast/klagehandsamast av styret/arbeidsutvalet før den eventuelt vert sendt over til Miljødirektoratet som endeleg klageinstans.

Om AU

I sak 4-2012 oppretta Jostedalsbreen nasjonalparkstyre eit arbeidsutval (AU) på tre personar i tillegg til leiar. Sven Flo (Stryn), Gunnvor Sunde (Gloppen) og Karen Marie Hjelmeseter (fylkeskommunen) vart valt inn saman med Ivar Kvalen (Luster) for perioden 2012-2016. Styret vedtok å oppnemne tre vararepresentantar til arbeidsutvalet, i prioritert rekjkjefølgje. Oddmund Klakegg var 1. vara, Eline Orheim var 2. vara og Einar Målsnes var 3. vara til AU. Vedtaket var samstemmig. Myndet til AU var som følgjande:

"Inntil vidare delegerer styret avgjerdsmyndet for følgjande sakstypar til AU:

- Dispensasjonssøknader der det i framlegget til forvaltningsplan går fram at løyve kan/bør gjevest, t.d. motorferdsel og andre tiltak som har tidsavgrensa påverknad. Dette omfattar ikkje irreversible tiltak som f.eks. byggettoftak. (Dvs. at søknader om irreversible tiltak uansett skal handsamast av styret).*
- Søknader om forlenging av dispensasjon frå verneforskriftene, der same søker har fått løyve tidlegare."*

Disse sakene vedtok AU i 2015:

- Frakt av robåt med snøscooter til Blåvatnet, Jølster.

- Snøscooterkjøring på Fåbergstølsgrandane grunna snøskred på bilveg, med føremål å feilsøke på samband, Luster.
- Kjentmannskjøring frå Røde Kors, Jølster.

Vurdering

Inntil disse nye vedtektena var på plass frå direktoratet, var det berre sakar som omfatta motorferdsle etter dei spesifiserte heimlane i verneforskrifta som var mogeleg å delegere til forvaltar. No er også *kurante* saker etter naturmangfoldlova si § 48, samt etter i visse tilfelle etter dei spesifiserte dispensasjonsheimlane i verneforskrifta, også mogeleg å delegere. Dette har vore etterspurt i lang tid frå mange verneområdestyre i Norge, noko som «lettar» saksmengda og møteintensiteten til travle verneområdestyre.

Med ei så brei ramme for delegering til sekretariatet, dukkar spørsmålet opp om kva funksjon arbeidsutvalet då vil ha. Jostedalsbreen nasjonalpark får relativt få generelle dispensasjonssaker samanlikna med t.d. Breheimen eller Nærøyfjorden. Til dømes har Breheimen ikkje AU, men hyppige møte (11 styremøte i 2015). Nærøyfjorden hadde AU (11 AU-møte i 2015), men delegerte no det meste til forvaltar innanfor ramma i vedtektena. Jotunheimen held fast på AU for at dei skal vurdere saker av noko større politisk skjønn, og utsett delegeringssaka til det nye styret har fungert ein stund. Naustdal-Gjengedal skal vurdere dette 11. mars.

Kvart verneområdestyre må vurdere kva som er riktig for sitt område. Jostedalsbreen har relativt få saker, men nasjonalparkstyret må likevel vurdere å utvide delegeringsramma til sekretariatet jf. vedtektena, også for vårt verneområde.

Sjølv om ramma i vedtektena opnar for ei ganske brei delegering av mynde til sekretariatet, så vurderer forvaltar at saker som ikkje er direkte hasteprega likevel bør leggjast fram for nasjonalparkstyret. Forvaltar har som intensjon å involvere styret mest mogeleg i heile spekteret av saker som kan dukke opp.

Styret kan t.d. vurdere å ha eit arbeidsutval for Jostedalsbreen, men samtidig utvide delegeringa til forvaltar. Då vil graden av omgrepet «kurant» kunne vurderast litt meir frå sak til sak. Samtidig kan t.d. løyve som hastar, eller eittårige, enkle saker avgjerast delegert, mens viss det er fleirårige løyve må dette vurderast av styret.

Det er forvaltaren si vurdering at det ikkje lenger er *strenget naudsynt* med eit AU for Jostedalsbreen, då delegeringsramma frå direktoratet til forvaltar inkluderer disse hasteprega enkeltsakene som AU tidlegare har teke hand om. AU kan *likevel* ha ein viktig funksjon for nasjonalparkstyret, for å kunne vurdere saker som er «halvkurante» /saker som treng litt meir politisk skjønn.

Alle sakar som vert vedteke delegert skal alltid refererast for styret, anten det er AU eller forvaltar som tar saka.

Arkivsaksnr: 2014/4677-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 26.02.2016

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	6/16	14.03.2016

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - arbeidsutval for perioden 2016-2019

Innstilling frå forvaltaren

I medhald av vedtekten for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, datert den 7. september 2015, punkt 5, setter styret ned eit arbeidsutval på følgjande personar:

Leiar:

Nestleiar:

Medlem:

Medlem:

Første vara:

Andre vara:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sitt arbeidsutval får mynde til å gjere vedtak etter naturmangfaldlova/verneforskrifta i einskilde saker som ikkje har stor påverknad på verneverdiane. Arbeidsutvalet sine vedtak skal vere innafor ramma av prinsipp fastsett av styret i tråd med naturmangfaldlova/verneforskrifta.

Saksopplysningar

I sak 5-2011 oppretta Jostedalsbreen nasjonalparkstyre eit arbeidsutval (AU). Vedtaket så slik ut:

"Nasjonalparkstyret for Jostedalsbreen opprettar med dette eit arbeidsutval (AU) jf. punkt 5 i vedtekten. AU skal bestå av leiaren og nestleiaren i styret, samt følgjande styremedlem: Eline Orheim, til saman tre personar." Samrøyistes vedteke.

Styret vedtok då disse oppgåvene til arbeidsutvalet:

"Inntil vidare delegerer styret avgjerdsmyndet for følgjande sakstypar til AU:

- *Dispensasjonssøknader der det i framlegget til forvaltningsplan går fram at løyve kan/bør gjevast, t.d. motorferdsel og andre tiltak som har tidsavgrensa påverknad. Dette omfattar ikkje irreversible tiltak som f.eks. byggjetiltak. (Dvs. at søknader om irreversible tiltak uansett skal handsamast av styret).*
- *Søknader om forlenging av dispensasjon frå verneforskriftene, der same søker har fått løyve tidlegare." Samrøystes vedteke.*

Då styret blei konstituert for perioden 2012-2016 oppretta Jostedalsbreen nasjonalparkstyre eit arbeidsutval (AU) på tre personar i tillegg til leiar. Sven Flo (Stryn), Gunnvor Sunde (Gloppen) og Karen Marie Hjelmeseter (fylkeskommunen) vart valt inn saman med leiar Ivar Kvalen (Luster).

Ramma for delegering av sakar til AU var følgjande:

Styret vedtok å vidareføre ramma for delegering av saker til AU frå det konstituerande møtet 1. februar 2011. Det vart presisert at dersom saker vedtekne av au vert påklaga skal heile styret få høve til å handsame saka før vidare klagesaksgang.

I vedtektena frå Miljødirektoratet datert den 7. september 2015 står følgjande om arbeidsutval:

5. OPPRETTING AV ARBEIDSUTVAL

Styret kan nedsette eit arbeidsutval med personar frå styret.

Styret kan gje arbeidsutvalet mynde til å gjere vedtak etter naturmangfaldlova/verneforskrifta i ein skilde saker som ikkje har stor påverknad på verneverdiene.

Arbeidsutvalet sine vedtak skal vere innafor ramma av prinsipp fastsett av styret for dei ulike saksområda i tråd med naturmangfaldlova/verneforskrifta.

I all hovudsak har tidlegare møte i arbeidsutvalet gått føre seg via telefon, då dei ofte må haldast på kort varsel. AU hadde tre møte i 2015, ingen i 2014, to møte i 2013, eitt i 2012 og to i 2011.

Vurdering

Styret må vurdere om det skal opprettast arbeidsutval. Dette er til ein viss grad avhengig av styrediskusjonen og utfallet til føregåande styresak i møte 1-2016.

Det gamle styrevedtaket med delegeringsmynde til arbeidsutvalet (sak 5-2011) har omfatta motorferdselsaker, tiltak med tidsavgrensa verknad, og fornying/forlenging av løyve som styret har gjeve tidlegare. Denne delegeringa vil, jf. dei nye styrevedtektena frå 2015, kunne delegerast direkte til sekretariatet. Difor er det uansett naudsynt med eit nytt delegeringsmynde til AU, *dersom* styret ønskjer eit AU.

Dersom styret opprettar eit arbeidsutval, vert det tilrådd å velja leiar, nestleiar og to medlem. Det kan vera tenleg med varamedlemmer til arbeidsutvalet dersom det er hastesaker og fast medlem ikkje kan møta. Varamedlemane bør ikkje være personlege, men følgje ei fast rekkefølgje. Varamedlemane til AU bør være av styret sine faste styremedlem.

Eit ev AU vil kunne handsame saker som hastar, og som treng litt meir politisk skjønn og tyngde enn å skulle delegerast direkte til sekretariatet.

Forvaltningsplanen frå 1994 er ikkje oppdatert i høve til føringar som har kome til dei seinare åra (ny forskrift, overordna politikk). Den gamle planen er teken opp til revisjon. Fram til ny forvaltningsplan er endeleg godkjend, er det naturleg å legge til grunn retningslinene som er gitt i den gamle forvaltningsplanen, og ved etablert praksis i styret sin handsaming av saker sidan 2011.

Når det står, i framlegg til vedtak frå forvaltar, at *Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sitt arbeidsutval får mynde til å gjere vedtak etter naturmangfaldlova/verneforskrifta i ein skilde saker som ikke har stor påverknad på verneverdiane* (forvaltar si understrekning), så tenkjer sekretariatet på at irreversible tiltak som byggjetiltak og terrenginngrep i utgangspunktet ikkje vert delegert, men at AU i hastesaker likevel kan handsame mindre tiltak som t.d. fasadeendring og mindre vesentlege tilpassingar på eksisterande bygg og anlegg.

Arkivsaksnr: 2014/42-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 02.03.2016

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	7/16	14.03.2016

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - drift av styret og årsplan for 2016

Innstilling frå forvaltaren

Nasjonalparkstyret skal møte jamnleg i 2016 for å arbeide vidare med forvaltningsplanen, gjere vedtak i dispensasjonssaker og vurdere tiltak i nasjonalparken som kan bidra til å styrke verneverdiane.

Fordi det er eit nytt styre i år, tek vi sikte på følgjande årshjul:

- Mars: konstituerande styremøte med synfaring
- April: Felles kompetansedagar 4. og 5. april, inkl. styremøte 5. april.
- Juni: Styremøte, ev med overnatting/synfaring?
- August/September: Styremøte, ev med overnatting/synfaring?
- November/desember: Styremøte

Fleire møte er avhengig av ev delegeringsmynde til AU/sekretariatet, og om viktige, store hastesaker dukkar opp som treng heile styret sin vurdering.

Saksopplysningar

Jamfør vedtektena *bør styret tre saman minst fire gonger kvart år og elles når leiaren bestemmer* (punkt 7). Disse fire gongene er uavhengig av kor mange gonger eit ev AU trer saman. Sidan 2011 har nasjonalparkstyret hatt møte mellom fire og seks gonger i året.

I e-post frå Miljødirektoratet datert den 29.02.2016 fekk vi opplyst at tildelinga for drift av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre for 2016 er kr 240 000,- Dette inkluderer både utgifter til møte, seminar, synfaringar, reise- og møtegodtgjersle. Styret fekk den same summen som vi hadde budsjettert med. Av disse kr 240 000,- har vi rekna kr 130 000,-

som utgifter til møtegodtgjersle, kr 50 000 til reiseutgifter og kr 60 000,- til møteutgifter (lokale, overnatting, servering, og liknande).

Styret fekk også kr 50 000,- til forvaltningsplanarbeid.

Vurdering

Sekretariatet oppfatta at det førre styret var veldig interessert i å komme seg ut og sjå på tiltak og prosjekt i nasjonalparken. Styret bør få til minst eitt slikt møte med synfaring i løpet av sommarsesongen. Den beste sesongen for å sjå på tiltak i felt i nasjonalparken er mellom juni og september/oktober, avhengig av snømengde og mål for synfaringa. I forslag til innstilling er det foreslått juni og/eller september. Det går også an å invitere varamedlemmer til eitt slikt møte for å drøfte større saker, som t.d. forvaltningsplanen og planlegging av besøksforvaltning.

Erfaringsmessig tek det tid å komme seg ut i nasjonalparken. Det er ofte langt for enkelte styremedlem å komme seg til ein møtestad, og mange høgdemeter inn i verneområdet. Dersom ein t.d. held styremøte ein ettermiddag/kveld, overnattar og tar ein synfaring dagen etter, vil ein kunne rekkje lenger og høgare. I 2014 hadde styret eit slikt ettermiddagsmøte i Fjærland, med synfaring langs den nyomlagde stien til Flatbrehytta, samt tur i blåisen dagen etter.

Det førre nasjonalparkstyret ønskja å kombinere eitt styremøte i løpet av året med å treffe Fagleg rådgjevande utval. I fjor var det eit slikt fellesmøte i Stardalen i oktober.

To viktige møtetidspunkt for nasjonalparkstyret kvart år er i mars og i november/desember. Då er det planlegging av tiltak i inneverande/neste år i nasjonalparken.

Til vurderinga bør styret også ta stilling til ein «høgtidleg» opning av dei nyrestaurerte ferdselsvegene til Lundeskaret i Jølster og Oldeskaret i Stryn, og om det er noko som kan kombinerast med eit ev styremøte.

Arkivsaksnr: 2015/4004-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 02.03.2016

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	8/16	14.03.2016

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - prioritering av tiltaksmidlar for 2016

Innstilling frå forvaltaren

Med bakgrunn i totalsummen på tildelte tiltaksmidlar for Jostedalsbreen nasjonalpark 2016, og signal frå nasjonalparkstyret i møtet i november, foreslår sekretariatet denne fordelinga av midlar:

Ny bru mellom Tungestølen og Nyestølen	kr 100 000
Plan for buføringsveg til Sunndalen/Erdalen	kr 30 000
Studentprosjekt om innfallsporten Haugabreen	kr 5 000
Breturkartet	kr 15 000
Rydding av beitemark og stiar i Erdalen*	kr 30 000
Film om nasjonalparken	kr 100 000
Prosjekt brefunn	kr 10 000
SUM	kr 290 000

* Treng meir detaljert prosjektskildring

Mindre endringar i fordelinga kan sekretariatet vurdere om det skulle dukke opp nye moment/endra føresetnadar på dei enkelte prosjekta. Sekretariatet kan ta kontakt med andre aktørar om ev samarbeid i finansieringa av ein nasjonalparkfilm.

Viss det dukker opp trong for midlar til nye tiltak utover sommaren søker nasjonalparkstyret v/ sekretariatet om ekstra løyvingar.

Saksopplysningar

I styremøtet den 23. november 2015 vedtok Jostedalsbreen nasjonalparkstyre den reviderte tiltaksplanen som gjeld for åra 2014-2017. På bakgrunn av prioriteringa i tiltaksplanen sendte sekretariatet inn følgjande liste til Miljødirektoratet:

TILTAK						
Oversikt over alle tiltak						
Pri.	Navn	Tiltakskategori	Tiltakstype	Vemeområde	Øk. ansvarlig	Beløp
1	Ny bru mellom Nyestølen og Tungestølen	Tilrettelegging og informasjon	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	120 000
2	Reparasjon/fjerning av øydelagt infrastruktur	Tilrettelegging og informasjon	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	90 000
3	Studentprosjekt om innfallsparten Haugabreen	Kartlegging	Annен kartlegging	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	5 000
4	Beturkartet	Tilrettelegging og informasjon	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	17 000
5	Rydding av beitemark og stiar i Erdalen	Skjøtsel av (tre) vegetasjon	Rydding av trær/busker/kratt	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	20 000
6	Prosjekt brefunn	Kartlegging	Annен kartlegging	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	60 000
7	Ferdselsteljar på Skålastien	Kartlegging	Annен kartlegging	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Lokalt SNO	0
8	Utskifting av grenseverneskilt	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av skilt og/eller infotavle	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Lokalt SNO	0
9	Film om Jostedalsbreen nasjonalpark	Tilrettelegging og informasjon	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	100 000
10	Plan for dei fem viktigaste innfallspartane	Tilrettelegging og informasjon	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	0
11	Plan for buferingsveg til Sunndalen/Erdalen	Tilrettelegging og informasjon	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	30 000
12	Pott for tiltak	Pott for gjennomføring av prioriterte tiltak			Forvaltningsm.	0
						442 000

I si tilbakemelding den 29. februar, via elektronisk søknadssenter, handsama Miljødirektoratet søknaden med dette utfallet:

Pri.	Navn	Status	Innvilget beløp	Øk. ansvarlig	Kommentar
1	Ny bru mellom Nyestølen og Tungestølen			Forvaltningsmyndighet	
2	Reparasjon/fjerning av øydelagt infrastruktur	Annet		Forvaltningsmyndighet	Miljødirektoratet sitter med pøtter som tildeles dersom uforutsette ting oppstår utover året.
3	Studentprosjekt om innfallsporten Haugabreen			Forvaltningsmyndighet	
4	Breturkartet			Forvaltningsmyndighet	
5	Rydding av beitemark og stiar i Erdalen			Forvaltningsmyndighet	
6	Prosjekt brefunn	Utenfor postformål		Forvaltningsmyndighet	Kulturminnemyndighetenes ansvar.
7	Ferdselsteljar på Skålastien			Lokalt SNO	
8	Utskifting av grenseverneskilt			Lokalt SNO	
9	Film om Jostedalsbreen nasjonalpark			Forvaltningsmyndighet	
10	Plan for dei fem viktigaste innfallsportane			Forvaltningsmyndighet	
11	Plan for buferingsveg til Sunndalen/Erdalen			Forvaltningsmyndighet	
12	Pott for tiltak	OK	290 000	Forvaltningsmyndighet	
Antall: 12			290 000		

Vurdering

Sjølv om Jostedalsbreen nasjonalpark vanlegvis har fått langt høgare beløp til gjennomføring av tiltak i nasjonalparken, har vi ingen verkeleg store og kostnadskrevjande prosjekt denne feltsesongen. Vi har fått det vi bad om, sett bort i frå pri 2 (reparasjon/fjerning av øydelagt infrastruktur) og pri 6 (prosjekt brefunn). Her er forklaringa:

Pri 2: Det har vore vanskeleg å planlegge kvart år i november/desember kor mange bruer og anna infrastruktur som blir øydelagt i løpet av vinteren. Derfor ønskja styret ein open pott på kr 90 000,- som kunne gå til slike strakstiltak (sjå pri. 2 i søknaden). Miljødirektoratet skriv i kommentaren at (dei) «*sitter med pøtter som tildeles dersom uforutsette ting oppstår utover året*». I fjer fekk Jostedalsbreen ekstra tildelingar tre gonger i løpet av sommarhalvåret.

Pri 6: Nasjonalparkstyret har fått midlar til søk etter gamle, framsmelta spor i to år. I fjer fekk vi ikkje nytta midlane, då snømengda var stor og avsmeltinga lita i fjellet heile sommarsesongen. Miljødirektoratet svarte følgjande då sekretariatet stilte spørsmålsteikn ved at vi ikkje fekk dei kr 60 000,- til prosjekt brefunn:
Styret står fritt til å disponere midlene de har fått i potten, ergo kan de også velge å fortsette med dette selv om vi mener det er på kanten av hva midlene kan brukes til. Generelt når det gjelder kulturminnekartlegginger er dette kulturminnemyndighetenes ansvar, og forvaltningsmyndigheten for verneområder bør ikke/skal ikke ta hovedansvar for slike kartlegginger og analyser som C-14 f eks. Som en medaktør og i samfinansiering med andre aktører på slike kulturminnetiltak, hadde det vært mer innenfor rammen av myndighetsansvar.

Sekretariatet føreslår å flytte pri 11 (plan for buføringsveg til Sunndalen og Erdalen) opp til ny pri 2. Det har kommet innspel både frå Fagleg rådgjevande utval og frå grunneigarar i begge dalføra om betre buføringsveg inn til seterområda, og dette bør prioriterast høgare. For å lage ein betre buføringsveg treng vi ein grundig analyse/plan med eit godt utarbeida kostnadsoverslag. Dette er viktig både for brukarane og for ivaretaking av kulturlandskapet.

56 - R V W H G D O V E U H H Q Q D V M R Q D O S D U N V W \ U H K i U L Q J
U H J H O Y H U N I R U E U X N D Y H O V \ N O H U